



29. oktober 2016

## **SØKNAD :**

### **STUDIETUR TIL KØBENHAVN FOR TILSETTE VED ETNE VIDAREGÅANDE SKULE**

Det vert med dette søkt om løyve til å gjennomføre studietur for tilsette ved Etne vgs.

TIDSROM: 10.11. 2016 – 13.11. 2016

AVREISE: Frå Helganes, Haugesund 10.11. kl . 18.50

HEIMREISE: Frå Kastrup, København 13.11. kl. 11.00

#### **MÅL:**

Å vere førebudd på Fremtidens skole - fornyelse av fag og kompetanser:

<http://nettsteder.regjeringen.no/fremtidensskole/nou-2015-8/>

Å utvikle perspektiv for og få input på korleis ein kan gjennomføre undervisningsopplegg, der elevane skal lære metakognitiv tenking knytt til eigen læring.

Å gi pedagogisk personale kunnskap og verkty til å auke refleksjonsgraden (eigen metakognitiv tenkning) knytt til profesjonsutøving, pedagogisk ståstad og teknikkar for å vurdere effekten av det pedagogiske arbeidet med elevane si metakognitive læring.

Å vidareutvikle skolen sitt fokus på internasjonalisering som metodikk for å auke elevane sitt læringsutbytte.

Å jobbe med arbeidsmiljø, dei 9 omstillingsreglene og personalet sin kunnskap og kompetanse til omstilling.

#### **METODIKK:**

Besøk på Niels Brock Copenhagen Business College

Møte med pedagogisk utval for dialog om:

- Metakognitiv tenkning I og utanfor klasserommet

Møte med Internasjonal koordinator og elevar for:

- Å samtale om internasjonalisering som metodikk for å auke eleven sitt læringsutbytte
- Å møte elevar/studenter i undervisningssituasjonen
- Å få kunnskap om alternative plattformer for læring og vidare utdanning der internasjonalisering er eit viktig fokusområde.

Den gode samtalen og det gode samværet

#### **ØKONOMI:**

Turen vert dekkja innanfor skulen sitt budsjett. Det vert ikkje søkt om midlar lokalt eller sentralt.



29. oktober 2016



**HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE**

Opplæringsavdelinga

**SØKNAD OM UTANLANDSREISE FOR TILSETTE OG ELEVAR VED DEI  
VIDAREGÅANDE SKOLANE I HORDALAND**

**NB!** Ver merksam på at alle postar i søknadsskjemaet må vere utfylte for at søknaden skal verta handsama. Søknadar som ikkje er fullstendig utfylte vil bli retumert til skulen for vidare handsaming

1. Skole / institusjon:	Etne Vidaregåande skule
2. Kven / kva gruppe gjeld søknaden? (Gje opp tal på personar som vert omfatta av reisa)	Rektor $\frac{1}{}$ Skolen si leiing $\frac{2}{}$ Pedagogisk tilsette $\frac{16}{}$ Andre tilsette $\frac{4}{}$ Elevar $\frac{0}{}$
3. <b>Namn på følgjelærarar/ reiseleiar:</b>	Marion Kallevik, rektor
4. Kva slags utanlandsreise gjeld søknaden? (T.d. studiereise, studiereise som del av eit delvis EU-finansiert program, elevtur, elevutveksling, lærarutveksling, møte, undervisningsoppdrag o.s.b.)	Studietur for leiing og personale (sjå elles s. 1 for ytterligere detaljer)
5. Kva er planlagd reisetidsrom?	Frå dato: <u>10.11.2016</u> Til dato: <u>13.11.16</u>
6. Kor skal ein reisa? Dersom reisa er ei rundreise, legg ved reiserute med beskriving av kva ein skal gjere kor.	Land: <u>Danmark</u> Stad: <u>København</u>
7. Kva er det faglege temaet (i læreplanen) for reisa?	Metakognisjon og fremtidens skole Internasjonalisering som metodikk Eit arbeidsmiljø i endring og omstilling
8. Gje ei fagleg grunngjeving for reisa.	Sjå s. 4 og 5
9. Kven / kva utanfor skolen/ institusjonen fungerer som fagleg garantist for innhaldet i reisa? (T.d. kurs-/møteheldar, institusjon, universitet og liknande)	Sjå s. 4 og 5



29. oktober 2016

10. Dersom reisa har innverknad på arbeidsdagen til andre enn den / dei som reiser, korleis arbeider desse i den/ dei reisande sitt fråvær?	Studiereisa er ein del av kompetansehevinga førbudd til planleggingsdagen 11.11. Me nyttar elevfri dag og eigen tid til studiereise.																						
11. Kostnader / budsjett (ca. – etter førebels tilbod)	<table><tr><td>Reise:</td><td>Kr 50.000,-</td></tr><tr><td>Opphald:</td><td>Kr 110.000,-</td></tr><tr><td>Kursavgift:</td><td>Kr 0</td></tr><tr><td>Vikarutgifter:</td><td>Kr 0</td></tr><tr><td>Andre utgifter (spesifiser)</td><td></td></tr><tr><td>Kost torsdag, fredag og lørdag</td><td>Kr 40.000,-</td></tr><tr><td>Transport</td><td>Kr 17.000,-</td></tr><tr><td></td><td>Kr</td></tr><tr><td></td><td>Kr</td></tr><tr><td><b>Til saman</b></td><td><b>Kr 217.000,-</b></td></tr></table>	Reise:	Kr 50.000,-	Opphald:	Kr 110.000,-	Kursavgift:	Kr 0	Vikarutgifter:	Kr 0	Andre utgifter (spesifiser)		Kost torsdag, fredag og lørdag	Kr 40.000,-	Transport	Kr 17.000,-		Kr		Kr	<b>Til saman</b>	<b>Kr 217.000,-</b>		
Reise:	Kr 50.000,-																						
Opphald:	Kr 110.000,-																						
Kursavgift:	Kr 0																						
Vikarutgifter:	Kr 0																						
Andre utgifter (spesifiser)																							
Kost torsdag, fredag og lørdag	Kr 40.000,-																						
Transport	Kr 17.000,-																						
	Kr																						
	Kr																						
<b>Til saman</b>	<b>Kr 217.000,-</b>																						
12. Ved turar der elevar deltek, kor mykje kostar turen for kvar elev?	Ingen elevar er med.																						
13. Korleis vert reisa finansiert?	<table><tr><td>Skolen sitt budsjett:</td><td>Kr 117.000,-</td></tr><tr><td>Skolen sitt fond:</td><td>Kr 100.000,-</td></tr><tr><td>EU-midlar:</td><td>Kr</td></tr><tr><td>Den/ dei reisande</td><td>Kr</td></tr><tr><td>Stipend:</td><td>Kr</td></tr><tr><td>Opplæringsavdelinga:</td><td>Kr</td></tr><tr><td>Andre midlar:</td><td></td></tr><tr><td>Dugnadsarbeid</td><td>Kr</td></tr><tr><td>Sponsor</td><td>Kr</td></tr><tr><td></td><td></td></tr><tr><td><b>Til saman</b></td><td><b>Kr</b></td></tr></table>	Skolen sitt budsjett:	Kr 117.000,-	Skolen sitt fond:	Kr 100.000,-	EU-midlar:	Kr	Den/ dei reisande	Kr	Stipend:	Kr	Opplæringsavdelinga:	Kr	Andre midlar:		Dugnadsarbeid	Kr	Sponsor	Kr			<b>Til saman</b>	<b>Kr</b>
Skolen sitt budsjett:	Kr 117.000,-																						
Skolen sitt fond:	Kr 100.000,-																						
EU-midlar:	Kr																						
Den/ dei reisande	Kr																						
Stipend:	Kr																						
Opplæringsavdelinga:	Kr																						
Andre midlar:																							
Dugnadsarbeid	Kr																						
Sponsor	Kr																						
<b>Til saman</b>	<b>Kr</b>																						
14. Beskriv kort korleis dei tilsette sin tryggleik vert ivareteken på turen:	<b>Utdrag frå lokal beredskapsplan for Etne vgs:</b> Ved studiereiser/ekskursjon gjeld skulen sine reglar og skulen sin Beredskapsplan Revidert sep. 2016 Ved studiereise/ekskursjon skal leiar for turen ha med seg fyrstehjelpsutstyr og mobiltelefon. Leiar for turen må alltid legge igjen ajourført reiserute og deltakarliste til Opplæringsavdelinga. Dersom personale eller leiing involverte på reisa verte sjuke eller døy, må leiar for turen straks ta kontakt med Opplæringsavdelinga. Ved studiereise/ekskursjon må leiar for turen ha med kopi av Beredskapsplanen og ev. relevante vedlegg.																						
15. Korleis blir skulen sitt ordensreglement tatt i vare i løpet av opphaldet?	Ingen elevar er med på turen																						
16. Eventuelle andre opplysningar:																							
17. Dato:	29.09.2016																						
18. Underskrift (rektor):	Marion Kallevik, Rektor																						



29. oktober 2016

**FAGLEG GRUNNGJEVING OG ANSVARLEG INSTITUSJON (jf. p. 8 og 9 over) :**

Stortingsmelding 28 2015-2016 «Fag-fordypning-forståelse- en fornyelse av Kunnskapsløftet» gjev føringar for dei nye læreplanar som kjem. Tilsette ved Etne vgs vil vere proaktive i høve til dei endringar som vert skissert i meldinga.

Eit omgrep innanfor pedagogikken som får stor vekt i meldinga er metakognitiv tenking. For ein del lærarar vil nok omgrepet vere nytt, og ein måte å få betre kjennskap til og kompetanse i høve til omgrepet og korleis det kan integrerast i eigen undervisningspraksis kan vere å lære av andre som har praktisert ein slik form for pedagogisk tenking. Etne vgs ønsker å besøke ein skule som legg vekt på metakognitiv tenking i pedagogikken som dei utøver.

Leiinga ved Etne vgs har kontakta utdanningsinstitusjonen Nils Brock i København v/ rektor Birgitte Faber. På Nils Brock har ein over lengre tid kome fram til kva som kan gje gode perspektiv på kva metakognitiv tenking går ut på, og korleis dette kan praktiserast i undervisnings- og lærings situasjonen. Institusjonen har ein lang historie for å gje ungdomar og vaksne opplæring innanfor ulike handfag. Nils Brock gjev utdanningstilbod både innafor yrkesfag, studiespesialering og høgare utdanning. Vidare har institusjonen i tillegg til i København avdelingar både i Kina, Vietnam og USA.

Det særskilde ved undervisningsinstitusjonen i denne samanhengen er at det målretta vert arbeida med evalueringar, både horisontale og vertikale, med tanke på å forbetre undervisnings- og læringspraksisen. Dette er ei form for metakognitiv tenking, der ein stiller seg spørsmålet: Driv vi med den beste måten å gjennomføre undervisninga på, og kva kan eventuelt gjerast for å forbetre undervisningspraksisen? Ein slik metakognitiv refleksjonen kan samanliknast med den som elevane må nytte innanfor metakognitiv pedagogikk: Lærer dei (einskild individet) på den beste måten, og kva kan dei gjere for å forbetre læringa si. Man reflekterer både som elev og lærer over den innsats man har gjort, slik ein kan gjere «det lidt skarpere neste gang», som dei ved Niels Brock omtalar om eigen pedagogiske praksis.

Tilsette ved Etne vgs vil ha stort utbytte av å høyre meir om korleis evalueringa ved Niels Brock vert gjennomført, korleis den vert brukt i den pedagogiske leiinga på skulen og korleis kunnskap og kompetanse er med på å forbetre praksisen ved læringsinstitusjonen.

Av dei mange ulike utdanningstilboda som Nils Brock har tilbod om, framstår «innovationsgymnasiet» som særst spennande. Dette utdanningsprogrammet har tre ulike programområde, der «Prosjektledelse» er ei av retningane (dei to andre er «Innovation og start up» og «Digitale medier»). Faget har fokus på å gje elevane opplæring i korleis dei kan reflektere og evaluere sine eigne arbeidsmetodar, eller som skulen sjølv skriv: «Prosjektledelse er også selvlæring. Så med din erhvervede viden om prosjektledelse får du et fundament, der gjør dig til en dygtigere studerende». At elevane skal bli dyktigare studerande er vel sjølv målsetjinga med den metakognitive pedagogikken og dermed ein del av grunngjevinga for Stortingsmeldinga. Ved Niels Brock skildrar dei sin eigen pedagogikk som «The Scandinavian way of learning». Konseptet er interessant fordi det seier noko om korleis skulen ser på sin eigen pedagogikk (så vel som pedagogikken ved andre skular i Skandinavia?) og korleis den skil seg frå måten å tenke pedagogisk i resten av verda.



29. oktober 2016

Den pedagogiske modellen baserer seg mellom anna på ein nokså flat og relativt demokratisk struktur i klassane, der kreativiteten til den enkelte kjem til uttrykk i læringsarbeidet. Dette fordrar ein fleksibel lærar/leiar som stadig er villig til å møte og hanskast med endringar i både samfunn og opplæringsssituasjonen. Denne typen endringsvilje og omstillingsevne hjå lærar/leiar krev høg grad av refleksjon om eigen ståstad (profesjonelt og pedagogisk), og korleis ein på best måte klarer å imøtegå utfordringane, med andre ord som fordrar stor grad av metakognitiv refleksjon – som inkluderer vilje til endring og omstilling. Nettopp i kraft av å ha kome fram til konseptet «The Scandinavian way of learning» har ein ved Niels Brock gjennomført ein slik metakognitiv refleksjon med mål om å sjå på den pedagogiske ståstaden ved skulen, kva er det som er særskild ved deira måte å drive skule, og kva som kjenneteiknar pedagogikken deira i forhold til skular i andre deler av verda.

Tilsette ved Etne vgs, som står overfor omfattande endringar i ein stor omstillingsprosess (rullering av skulebruksplanen) der kvar einskild tilsett nok treng å reflektere om eigen ståstad og kompetanse kan ha stor nytte av å høyre meir om korleis dei ved Niels Brock har arbeidde med konseptet om «the Scandinavian way of teaching», korleis dette har konsoliderte eit felles syn på den pedagogisk praksisen ved skulen og mogleg skapt ein felles identitet hjå dei tilsett knytt til dette konseptet.

Ein studietur til Niels Brock vil såleis kunne ha stort utbytte for dei tilsette ved Etne vgs, fagleg så vel som det å i fellesskap å starte på omstillingsprosessen dei ikkje sjølv har valt, men som dei likevel kanskje vert ein del av.

#### Program

Tid/stad	Innhald	Ansvarleg
10.11. 21.00 Ankomst København	Lett middag og kort oppsummering, førebuing til skulebesøk, Nils Brock	Leiinga
11.11. 09.00 -15.00 Studiebesøk på Niels Brock:	Oppmøte på Nils Brock Intro/info v. rektor og pedagogisk utval Dialog Metakognisjon og fremtidens skole Herunder samtale om «Eit arbeidsmiljø i endring og omstilling» Lunsj Intro/info internasjonaliserings koordinator Internasjonalisering som metodikk Erfaringsutveksling og møte med elevar	Fagleiar Leiing faglærarar
15.00 – 20.00	Ettermiddag til fri disp.	
20.00	Felles middag	
12.11. 10.00 – 12.00	Dei 9 omtillingsreglane: Endringsvilje og forståing av omstilling Korleis jobbe lokalt Korleis jobbe sentralt med HR Retter og plikter	Ass.rektor Rektor Fagleiar og ATV Rektor
12.00	Felles lunsj	Leiinga
14.00 – 17.00	Team konsolidering – Amacing race i København	Ikkje ped.personale
18.00	Middag	
20.00	Juleoppleving i Tivoli	

Med vennleg helsing

  
Marion Kallevik  
rektor